



Dagleg leiar i KV Tor Vidar Sæle - klår for ein ny runde?

**Det vert no ein ny anbudsrunde i saka om omsorgsbustadane etter at konkurransen om leige vart avlyst av kommunen.**

**I formannskapet i dag vart det lagt fram eit svar frå kommunen sin advokat på klaga frå Kvinnherad Vekstbedrift over avlysinga.**

**Kjell Yri (V) bad om at saka vert skikkeleg belyst i ei sak for formannskapet og det lovar no rådmannen. Han avventar imidlertid at også Trygge Bustader skal klage. Yri er sterkt kritisk til avlysinga som skjedde etter at det kom klage.**

Senioradvokat Åshild Fløisand skriv i det omfattande svaret sitt at kommunen ikkje finn nokon grunn til å gjera om vedtaket om avvisning, Ho legg til at konkurransen i alle høve er avlyst og held fram:

' Som det fremgår uttrykkelig av avvisningsbrevet ville dette også blitt følgen dersom Kvinnherad Vekstbedrift ikke hadde blitt avvist. En eventuell omgjøring av avvisningsvedtaket har således ingen praktisk betydning for KV'.

Om grunnen til avvisninga skriv advokaten ellers mellom anna at KV ikkje har dokumentert at kvalifikasjonskravet er oppfylt.

Ved gjennomgang av klagen frå verksemda pånytt vart det avdekkja.

Den feilaktige beslutning som vart gjort med godkjenning av begge er no retta gjennom avvisningen.

Kvalifikasjonskrav er absolutte og hvis ein ikkje oppfyller dei skal det leia til avvisning.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen